



**DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

Statssekretæren

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Dykkar ref
2020/71396

Vår ref
20/80-


Dato
12. januar 2021

Avklaring av forlenging av Askøypakken - tilbakemelding

Eg viser til brev datert 9. desember 2020 (motteke 8. januar 2021) der Vestland fylkeskommune ber om at Samferdselsdepartementet opnar for at bompengerevninga i Askøypakken kan forlengjast med inntil 5 år.

Eg er godt kjent med saka og at det er lokal semje om å forlengje innkrevingsperioden i Askøypakken for å gjennomføre alle prosjekta i porteføljen. Regjeringa er positiv til å leggje fram bompengepakkar som byggjer på lokalt initiativ og vedtak, men utgangspunktet er at krava til mellom anna porteføljestyling må vere oppfylt. Sidan det blei fatta lokale vedtak om å forlengje innkrevingsperioden for Askøypakken før dei nye krava til porteføljestyling kom i 2019 og 2020, vurderer Samferdselsdepartementet no om ein revidert pakke likevel kan leggjast fram for Stortinget. Det ligg så langt ikkje føre ei endeleg avgjersle i saka.

Med helsing


Ingelin Noresjø

Kopi
Askøy kommune
Statens vegvesen